

Stockholm møtte jeg historikeren Ragnar Björk som jeg hadde brevvekslet med. Han er fortrolig med praksisen (modus operandi) i vitenskapskomiteene i Nobelinstituttet. Han fortalte meg noe jeg ikke viste; at Fridtjof Nansen aldri var blitt foreslått som kandidat til Nobelprisen for fysiologi eller medisin.

Etter at jeg ble klar over dette, har jeg forsøkt å finne ut hvorfor. Det er flere mulige årsaker:

Nansens karriere som nevroforsker:

En ung forsker må ikke bare produsere fremragende forskningsresultater og publisere resultatene i vitenskapelige tidsskrift. Han eller hun må også delta på internasjonale kongresser for å gjøre seg kjent med vitenskapelige artikler og møte kollegaer. Dette gjorde ikke Nansen, og han forlot nevrovitenskapen altfor tidlig. Han undersøkte heller ikke mikroanatomen i sentralnervesystemet hos mennesker i en tid da den rådende oppfatningen var at anatomen og fysiologien hos mennesker var forskjellig fra dyrenes.

Det medisinske fakultetet ved Universitetet i Oslo:

Som en av de seks faste institusjonene som kunne nominere til prisen for fysiologi eller medisin, kunne professorene i Oslo ha foreslått Nansen dersom de hadde ønsket det. Det gjorde de ikke. Axel Holst, professor i folkehelse, som var en av opponentene ved Nansens doktordisputas, nominerte Armauer Hansen i 1903 for hans arbeid med spedalskhet.

Oppløsningen av den svensk-norske unionen 7. juni 1905:

Nansens innsats i spørsmålet om unionsoppløsningen falt ikke i god jord i det svenske pressemiljøet. Unionsstriden fra 1905 ble hentet fram igjen i et oppslag i Östersunds-Postens 28. mai 1955 der vi ser hodene til Nansen, Hjalmar Branting og Oskar II plassert oppå hverandre. Ved siden av Nansen står det: «3. mars. Fridtjof Nansen inleder en våldsam kampanj för Norges frigörelse».

Vennskapet mellom Nansen og Gustaf Retzius:

Den svenske spesialisten i anatomi og tidligere professor ved det Karolinska Institutet var berømt for sine undersøkelser av det indre ørets mikroanatomi. Etter at Nansen og Retzius møttes i Stockholm i november 1887 blomstret vennskapet mellom de to. Retzius overvar sjøsettingen av *Fram* den 26. oktober 1892, og han var også til stede i Oslo i juni 1893 da ekspedisjonen dro ut fra hovedstaden. Han dediserte bind 5 i artikkelserien sin, *Biologische Untersuchungen, neue Folge* (1893), til Nansen, og skrev senere artikler om Fram-ekspedisjonen i Aftenbladet. Til tross for dette, da dokument-samlingene til Nobelkomiteen for Nobelprisen i fysiologi eller medisin for årene 1901 til 1906 senere ble undersøkt på 1980-tallet, viste det seg at Retzius hadde nominert Golgi og Cajal hvert eneste år i denne perioden, enten hver for seg eller samlet. Han hadde aldri nominert Nansen.

Konklusjon

Grunntanken i nevronteorien er at cellene i sentralnervesystemet er anatomisk uavhengige av hverandre. Den første som viste dette og som slo fast at den rådende retikular-teorien derfor ikke var riktig, var Fridtjof Nansen. Dette taler for at han i det minste, burde ha delt Nobelprisen i 1906 med Camillo Golgi og Santiago Ramón y Cajal. Av ukjente grunner, ble han altså aldri nominert, verken av professorene ved Det medisinske fakultetet eller av hans venn Gustaf Retzius som hadde nominert Golgi og Cajal.

(Oversatt til norsk: Vedis Bjørndal og Jo Høyer)

Ora et labora – Be og arbeid

- klosterliv i mellomalderbyen Bergen

Alf Tore Hommedal

Bergen kan på disse tider feira eit historisk jubileum som nesten er gått heilt upåakta hen: Det er 900 år sidan Munkeliv kloster på Nordnes vart oppretta som det første av i alt sju klostergrunnleggingar i mellomalderbyen Bergen. Med Munkeliv – klosteret som låg på «Klosteret» på Nordnes – var ein viktig institusjon etablert som var med på å gjera Bergen og Noreg til ein enno meir integrert del av det europeiske mellomaldersamfunnet. Klostera var viktige, internasjonalt retta institusjonar som var med på å utvikla byen og gjeva han det internasjonale preget som Bergen hadde gjennom heile mellomalderen og like opp til vår tid.

Grunnlegginga av Munkeliv kloster rundt år 1110 innleia ein over 420 år lang periode med i alt fem monumentale klosteranlegg i Bergen. Livet i desse var ein integrert del av byen og av bergensarane sin kvardag. Først ved reformasjonen og innføringa av den lutherske læra, som i Bergen skjedde i 1536, vart det for ein lang periode slutt på denne forma for religiøst liv i byen og landet. Like til i dag er bergensarane likevel omgjevne av spor etter tidlegare klosterliv, både ved stadnamn og ved bygningar i byen.

Jubiléumsutstillinga «Klosteret»

I samband med Munkeliv sine 900 år har Universitetsmuseet i Bergen og Bymuseet i Bergen¹ gått saman

om å markera dette «ukjente» Bergen-jubiléet gjennom utstillinga «Klosteret». Ei målsetting med utstillinga – og med denne artikkelen – er også å gjera bergensarar og andre betre kjende med dei bevarte klostersporene i dagens Bergen. Likeins ønskte vi å synleggjera nokre av dei flotte bygningssteinane og gjenstandsfunna frå klostera som til vanleg ligg i Universitetsmuseet sine mørke magasin. Kven veit at Jonsvollsgaten ber namn etter augustinarklosteret i Bergen? Og kven tenker på at når dei er på handletur i Bergen Storsenter, så vandrar dei på ein stad der kontemplative nonner i fleire hundre år levde i bøn og arbeid?

Utstillinga stod våren 2010 ved Bryggens Museum, og ho har frå februar 2011 av stått² i Universitets-

museet sin gamle hovudbygning på Muséplass 3 (Figur 1). Den som vil lære meir om klosterbyen Bergen kan altså ta seg ein tur på Nygårds-høyden.

Det er opplysningar i islenningen Snorre Sturlasson si norske Kongesoge som gjer at vi kjenner tidspunktet for opprettinga av Munkeliv. I følge «Soga om Magnussonene» vart klosteret grunnlagt av kong Øystein Magnusson medan broren Sigurd var på ferda si til Jorsal (Jerusalem) mellom 1108 og 1111, den reisa som gav han tilnamnet «Jorsalfarar»:

«Kong Øystein hadde gjort mykje nyttig i landet medan kong Sigurd var på ferda. Han skipa eit munkelov kloster på Nordnes i Bjørgvin og la mykje gods til det. Han lét byggja

1 Følgjande hadde hovudansvaret for utarbeidinga av utstillinga: Janicke Larsen (prosjektleiar) og Anne Mette Prestegård (utstillingsarkitekt) for Bymuseet og Alf Tore Hommedal (fagleg ansvarleg) for Universitetsmuseet. Då utstillinga vart sett opp att på Muséplass 3 var Anne Aspen ved Universitetsmuseet utstillingsarkitekt.

2 I den opphavlege utstillinga ved Bryggens Museum var det også teke inn ein del om vår eiga samtids klosterliv i Bergen. Denne delen er av plassomsyn ikkje teken med då utstillinga blei sett opp på nytt på Muséplass.

3 Sturlasson 1964:579.



■ Figur 1. Ein del av utstillinga «Klosteret» slik ho i 2011 står ved Universitetsmuseet i Bergen (Museplass 3). Munkeliv-modellen dominerer rommet, medan originale steinfragment er synlege i framgrunnen og bakgrunnen av fotoet. Langs langveggen står presentasjonar av dei andre klosterstadene i Bergen. Foto: S. Skare, Universitetsmuseet i Bergen.

■ Figur 2. Benediktinarklosteret på Selja. Rekonstruksjonsforsøk av den sentrale delen i anlegget slik det stod på 1300-talet. Kyrkja dannar, saman med dei andre viktigaste bygningane, ein klosterfirkant rundt ein open hage. Vi skimtar også klostergangen langs bygningane, med opningar ut mot hagen. Denne klassiske klosterforma har vore rådane også i Noreg. I Bergen tyder arkeologiske spor på at både Munkeliv, Nonneseter og Olavsklosteret i Vågsbunnen har hatt denne grunnforma, og vi må kunna rekne med at det same galdt Jonsklosteret og Olavsklosteret på Holmen. Illustrasjon: B. Kristiansen og A. T. Hommedal (© Selja Forlag).



Mikjåls(Mikaels)kyrkja, som er ei drusteleg steinkyrkje.»³

Med eit slingringsmon for 900-års jubileet til mellom 2008 og 2011 var det såleis høveleg å leggja utstillingsopninga til 2010, men jubileumsåret kan like gjerne vera i 2011.

I og med at Munkeliv er utgangspunktet for utstillinga, er det lagt særleg vekt på dette anlegget. Utstillinga er difor dominert av ein modell i ca. 1:4 av klosterkyrkja på Nordnes, altså den «drustelege steinkyrkje» som var vigd erkeengelen Mikael. Alle bygningsrestar av Munkeliv er i dag vekke på «Klosteret». Men kyrkjeruinen vart påvist arkeologisk i 1857 og 1860, og den oppmålte grunnplanen frå 1800-talet gjev slik grunnlag for modellen (Figur 4). Ved Universitetsmuseet er der også bevart fleire bygningssteinar som stammar frå kyrkja. Høvet baud seg dermed til å få syna nokre av desse originale Mikaelskyrkje-restane som er så informative




■ Figur 3. Søylebasse frå krypta i Munkeliv. Som følge av at steinen er eit fragment, så ser vi også toppflata som var meint skjult av søyla. Legg merke til hjelpelinene steinhoggaren har lagt inn ved utforminga av søylebassen. Foto: S. Skare, Universitetsmuseet i Bergen.

om Munkeliv og om Bergen by på 1100-talet (Figur 3).

Utstillinga har også mindre presentasjonar av kvar av dei fire andre stadene for klosterliv i Bergen; *Non-*

neseter ved dagens Bergen Storsenter, *Jonsklosteret* ved noverande Tårn plass, *Olavsklosteret* i Vågsbunnen ved dagens Bergen Domkirke og *Olavsklosteret på Holmen* ute på dagens Bergenhus. Dei fem klosterane låg såleis spreidde og omslutta heile byen (Figur 5). I Munkeliv og Nonneseter vart dei opphavlege kommunitetane eller klostersonar nedlagde i seinmellomalderen, og nye ordenar overtok klosterbygningane. Dermed var der i Bergen i løpet av mellomalderen til saman sju klostersonar, alle med sine særtrekk, og altså fordelte på fem klosteranlegg. Tankemessig romma klostra ein «religiøs elite», som delvis skulle leva eit religiøst liv på vegne av resten av befolkninga. Det daglege bøn livet, med tidebøner og messer, representerte i seg sjølv ei kraft som på Dommedag vil koma heile samfunnet til gode.



■ Figur 4. Mikaelskyrkja si plassering på «Klosteret». Kyrkja vart oppført i stein tidleg på 1100-talet. Ho har hatt eit rektangulært skip og eit like breitt, absidalt avslutta kor med krypt i aust. I andre halvta av 1200-talet fekk kyrkja bygd til eit vesttårn. Langs sørsida av kyrkja ligg det som må vera den langsmale, nordre klostergangen i benediktinarane sin klosterfirkant. Dei tre andre fløyane er vekke. Etter Lunde 1987 bygd på oppmåling av N. Nicholaysen og samanstilling av H.-E. Lidén.



■ Figur 5. Dei fem klosteranlegga i mellomalderbyen Bergen. For kvart av anlegga er ordenane som heldt til der markerte ved figurar i dei ulike ordensdraktene. I Munkeliv og Nonneseter er ordenane som avløyste einannan begge markerte, også dei to som ikkje var der på 1300-talet. Illustrasjon: P. Bækken, E. Hoff (figurar) og A.T. Hommedal.

1100-talet: Munkar, nonner og kannikar

Ordet kloster kjem frå det latinske *claustrum* som tyder «ein innelukka

stad», og står for eit bygningskompleks som husar religiøse samfunn med menn eller kvinner som har trekt seg attende frå verda og lever

isolerte i bøn og arbeid etter bestemte reglar (Figur 2). For oss er det lett å tenkje at eit «kloster er eit kloster» og ein «munk ein munk» ,

4 Terminologien kan vera meir spesifikk enn det vi til vanleg uttrykker i norsk språkbruk. Går vi t.d. til engelsk, vil «kloster» kunna spesifiserast som «monastery», «abbey», «priory», «friary» og «nunnery», alt ut frå særtrekk, status og ordenstilknytning. Vårt «munk» kan spesifiserast som «monk», «canon» eller «friar». Med «konvent» eller «kommunitet» er meint sjølv klostersonnet – altså menneska og livet i bygningane.



■ Figur 6. Marmorhovud med innskrifta EYSTEIN REX (Eysteinn kong) funne i 1853 på «Klosteret». Det er truleg del av eit stiftarportrett i Mikaelkyrkja og laga mellom 1120 og 1150. Portrettet stadfester at det var kong Øystein Magnusson som grunnla Munkeliv. Bergen var då ein ung by som framleis var i ei etableringsfase. Opprettinga av eit kloster i tilknytning til byen må ha vore eit medvite trekk i kong Øystein sitt arbeid med å konsolidera den unge byen. Foto: Universitetsmuseet i Bergen.

men slik korkje var eller er det i ordenslivet. Alle ordenar har sine ideologiske særtrekk både når det gjeld livsform og arbeidsoppgåver. Dette avspeglaseg også både i terminologien⁴ og i kles- eller ordensdrakta deira (Figur 5). Av dei ti klosterordenane som kom til Noreg i mellomalderen (Figur 8) etablerte seks seg i Bergen.

Benediktinarane (Munkeliv og Nonneseter)

Benediktinarane ber namn etter ita-

lienaren Benedikt av Nursia (480-547), som gjerne blir sett på som han som oppretta den første, samla klosterregelen, sjølv om forskinga set spørsmålsteikn ved dette.⁵ Benediktinarane vert i alle høve rekna som den eldste vesteuropeiske klosterordenen. Med unnatak av i Irland, som hadde sin eigen klostertradisjon, var benediktinarordenen einerådande opp mot dei tider då ordenen etablerte seg i Noreg og i Bergen. Det er altså naturleg at dei første norske klostergrunningane var for benediktinarar. I tiåret før og etter 1100 vart benediktinkloster Nidarholm (Trondheim), Selja (Nordfjord, Figur 2) og til sist Munkeliv etablerte som dei tre første klostergrunningane i Noreg.

Benediktinarane er ein kontemplativ orden der munkane gjev løfte om *stabilitas loci*, dvs at dei skal halde seg i det eine klosteret dei går inn i og der leve innanfor klostermurane – innanfor *clausuren*. Der skulle dei be og arbeide – *ora et labora*, konsentrert rund messa og dei åtte liturgiske bønetidene i løpet av eit døgn. Benediktinarregelen har som prinsipp likevekt mellom ulike typar aktivitetar i løpet av dagen: fem-seks timar til gudstenester og bøn, fem timar til manuelt arbeid og tre timar til lesing.

Benediktinarane er den einaste eigentlege munke-ordenen som etablerte seg i Bergen i løpet av mellomalderen. Benediktinarane i Munkeliv må, i alle fall i den første tida, mellom anna ha teke del i den liturgiske og organisatoriske utbygginga av det unge Bergen bispedøme. Dei kan likeins t.d. ha stått for

undervisinga av komande prestar og for avskrivinga av liturgiske og andre bøker, noko det må ha vore stort behov for. Dei monastiske kloster skulde helst vera sjølvforsynte og kunne ha jordeigedommar, og Munkeliv vart etter kvart eitt av dei rikaste kloster i landet.

Sjølv om der i dag ikkje er synlege bygningsrestar av klosteret på «Klosteret», så kan ein som nemnt «sjå» kyrkjeruinen ved å vitja utstillinga ved Universitetsmuseet. Sidan kyrkja var vigd St. Mikael var namnet på anlegget eigentleg Mikaelklosteret, men det vart gjerne kalla *Munkelif* som tyder «munkelevnad» – altså «munkane sin måte å leve på».⁶ Kyrkja, med nordre klostergang som også er påvist arkeologisk (Figur 4), fylte mesteparten av gatepartiet mellom dagens Nordnes Bydelshus og Hordaland Kunstsenter. Vi må der sjå for oss at det over tid vaks fram eit stort, monumentalt steinanlegg med ein sentral klosterfirkant og fleire andre bygningar, dels i stein, dels i tre. I tillegg har der mellom anna lege kyrkjegard og hage. Anlegget må ha vore omslutta av ein mur med ein portbygning som markerte møtepunktet mellom livet i klosteret og verda utanfor. I følgje Benedikts regel skulle ein «I klosterportensetje ein klok gamal bror, som veit korleis ein tek imot og gjev beskjed, og som er så gamal at han ikkje flakkar omkring unødig. Portvakten bør ha cella si ved sida av porten slik at dei som kjem alltid finn ein dei kan vende seg til.» (St. Benedikts regel § 66).

Historikaren Knut Helle reknar

5 Schumacher 2009.

6 Takk til professor Else Mundal ved Senter for middelalderstudier, Universitetet i Bergen, for kontroll av denne opplysninga.



■ Figur 7. Sett frå Bryggen har Munkeliv dominert på toppen av Nordneshalvøya. Vi må tenkje dagens bygningsmasse vekk. Streken markerer terrenghøgda på Nordnes-ryggen, og ei tenkt form av Mikaelsskyrkja er plassert på «Klosteret». Anlegget har også vore eit blikkfang sett frå alle innfartsårer til byen, både sjøvegen via Vågen, Nøstet eller Alrekstadvågen, eller over land frå sør eller vest. Munkeliv må såleis ha vore eit sterkt identifiserande og integrert trekk i bybiletet i Bergen gjennom heile si eksistensetid. Jonsklosteret har lege like utafor venstre biletkant og har også vore godt synleg frå Bryggen. Illustrasjon: A.M. Prestegård og A.T. Hommedal.

med at der i høgmellomalderen minst heldt til eit 30-tals munkar i Munkeliv, noko som synest sannsynleg.⁷ I tillegg kjem noviser (kommande benediktinarar) og lekbrørne. Desse siste var ordensbrør som stod for den største og tyngste delen av det praktiske arbeidet, og som difor hadde mindre krav til bønелivet.

Utanfor porten må vi rekna med at der i løpet av hundreåra også har vakse fram eit heilt lite samfunn av såkalla *familiares*, tenarar, handverkarar og andre som var knytte til klostersonfunnet. Vi kjenner lite konkret til livet i Munkeliv før slutten av 1200-talet, men frå då av høyrer vi t.d. om både smedar og steinbygningsmenn, og likeins om proventfolk, dvs. menn og kvinner som kjøpte seg livsopphald ved klosteret som «pensjonærar». I tilknytning til klosteret må vi også tenkja oss gjestehus og hospital. Frå klosteret må ein veg ha ført ned til

klosterbryggja ved Vågen, og det noverande Cort Piilsmauet har vore tolka som eit slikt vegfår. Store deler av Nordnes var óg jordbruks- eller markområde drivne av Munkeliv, noko namn som Markeveien og Lille og Gamle Markevei framleis vitnar om.

Det er altså eit markant anlegg som frå ca. 1110 av vaks fram på Nordnes-ryggen, sentrert rundt den ca. 35 meter lange og «drustelege» Mikaelsskyrkja. Topografisk sett har Munkeliv lege svært dominerande til rett ovafor bysentrumet (Bryggen) på motsett side av Vågen. Sjølv om klosteret opphavleg låg utafor tettbusetnaden har det dermed visuelt sett lege «midt i glaninga» for byfolket. Frå klosteret har dei også hatt synskontroll ut over byen (Figur 7). Det ville vera umogeleg å unngå Munkeliv. Skipsfolk og bryggesjauarar har nok, når vinden stod rett, også kunne høyra kyrkjeklokkene

ringja til tidebøn tvers over Vågen. Sjølv om Munkeliv låg utafor byen må benediktinarklosteret såleis alt frå første stund av ha sett sitt «audiovisuelle» preg på Bergen, og klosteret må ha vore ein integrert del av byfolket sitt medvit og byen sin identitet.

Eit par tiår etter grunnlegginga av Munkeliv, om lag 1130 eller kanskje litt før⁸, vart også eit benediktinarkloster for nonner oppretta som den andre klostergrunnlegginga i Bergen. Som Munkeliv var også *Nonneseter* eit strengt kontemplativt kloster og dessutan ein meir aristokratisk og eksklusiv institusjon for kvinner av overklassen. Nonneseter var eitt av fire norske benediktinarinnekloster, alle oppretta på 1100-talet (Figur 8). I tillegg til det liturgiske livet nonnene skulle leva kunne dei m.a. gjø undervisning for jenter, pleie sjuke og utføre kunst-

narleg handarbeid og skrivearbeid, noko arkeologiske funn av både sysaker og skrivestyr i Nonneseter er eit prov på.⁹ Nonneseter vart også etter kvart mellom dei rikaste klostera i Noreg, noko som forklarar at der ikkje var mindre enn 35 nonner i 1320.

Nonneseter låg i området mellom dagens Bergen Jernbanestasjon og Bergen Storsenter. Klosterkyrkja var vigd Guds mor Maria og Nonneseter kan dermed også kallast Mariaklosteret i Bergen. Av kyrkja er tårnfoten frå ca. 1140 og eit korkapell frå slutten av 1200-talet framleis bevarte (Figur 13), i vår tid respektive ofte omtala som Minnehall for krigens falne og Nonneseterkapellet. Kyrkjerommet låg i forlenginga av tårnfoten, der Lohnes Sølvsfabrikk no ligg og altså langs etter noverande Kaigaten, som går over klosteret sin kyrkjegard.¹⁰ Arkeologiske funn tyder på at anlegget stort sett har vore bygd i stein og har vore utforma med ein tradisjonell klosterfirkant. Denne dekkar deler av noverande areal for Bergen Storsenter med plassen mot Bergen Offentlige Bibliotek. Også ved Nonneseter må vi tenkje oss ein omsluttande klostermur med portbygning, og likeins andre bygningar og naust, bryggje og område for *familiares*. Der må også ha vore ein bustadsbygning for *rector* ved klosteret – presten som feira messene for nonnene og var sjølesørgaren deira – venteleg ein av benediktinaren frå Munkeliv. I dag er bytopografien i denne søre de-

9 Sjø Åslaug Ommundsen sin artikkel «Å skrive med stil» i denne årboka.

10 Sjø Ommundsen «Å skrive med stil», Figur 8 og 9.



■ Figur 8. Vi kjenner i alt 31 klosteranlegg frå norsk mellomalder. I nokre av anlegga, som Munkeliv og Nonneseter i Bergen, vart dei opphavlege kommunitane eller klostersonfunna lagde ned i seinmellomalderen og nye ordenar overtok bygningane. Det samla talet på kommunitetar kjende frå norsk mellomalder er såleis ca. 35 – sju av dei i Bergen. Klostera var fordelt på i alt 10 klosterordenar, der seks av dei etablerte seg i Bergen. Seks av anlegga var nonnekloster – to av dei i Bergen. Der var ingen kloster i Nord-Noreg. Figur: E. Jensen og A.T. Hommedal.

7 Helle 1982: 616.

8 Takk til Ole Egil Eide (2011) for opplysinga om dateringa.



■ Figur 9. Olavskyrkja til fransiskanarane i Bergen slik ho i dag står som Bergen Domkirke. Av tårnet er berre den nedre, upussa delen frå fransiskanarane si tid. Vindaugo i skipet var også mindre. Foto: A.T. Hommedal.

len av Bergen sentrum sterkt prega av store utfyllingar i Store Lungegårdsvann, men i mellomalderen låg Nonneseter på eit nes ut mot vatnet, som den gong bar namnet Alrekstadvågen (Figur 5). Sjølv om klosteret låg sør for byen og utafor tettbusetnaden, har såleis klosteran-

legget lege dominerande til og godt synleg for den som kom siglande inn Alrekstadvågen eller kom landevegen frå sør over Haukeland. Dagens Marken ber namn etter markene ved Nonneseter kloster.

I forskinga vart det på 18- og 1900-talet rekna med at Nonneseter

i Bergen var for nonner av cisterciensarordenen, men dette er seinare prova å vera ei feilslutting.¹¹

Augustinarane (Jonsklosteret)

Augustinarane ber namn etter den nordafrikanske biskopen Augustin (354-430) av Hippo (Algerie), ein av oldkyrkjas mest sentrale kyrkjelærar. Han oppretta på slutten av 300-talet klosterliknande samfunn og forma også ut levereglar for desse. Det var likevel først i tiåra rundt 1100 at mellomalderens augustinarar tok St. Augustin sin regel.

Augustinarane er ikkje munkar, men *regulære* kannikar eller korherarar, dvs. prestar som lever i eit bordfelleskap bygd på ein ordensregel, men som samtidig gjer teneste ved ei kyrkje, gjerne utanfor klosteret. Dette i motsetnad til *sekulære* kannikar, som lever utan å følgje ein regel, og som vanlegvis fungerer som prestar ved ei domkyrkje. Det fanst fem eller seks¹² augustinarkloster i Noreg, dei fleste oppretta litt etter midten av 1100-talet (Figur 8). Klosteret i Bergen var vigd døyparen Johannes og truleg oppretta i 1160/70-åra, kanskje av kong Magnus Erlingsson og erkebiskop Øystein Erlendsson, som sjølv var augustinar. Jonsklosteret kan ha vorte oppretta for å supplera dei sekulære kannikane ved domkyrkja i Bergen, dvs. Kristkyrkja som låg ute på Holmen (Bergenhus). Samtidig kan klosterkyrkja også ha fungert som soknekyrkje. Jonsklosteret har truleg vore relativt lite, kanskje berre for seks kannikar, og klosteret ser også ut til å ha hatt



■ Figur 10. Spor etter liturgisk fransiskanarliv i koret i noverande Bergen Domkirke. med tre sitjenisjer, ein piscina (utslagsvask) og eit repositorium (skap), delvis restaurert. Jfr Årbokas omslagsfoto. Foto: A.T.Hommedal.

relativt lite jordegods.

Augustinarklosteret låg i nærleiken av noverande Bergen Tinghus, i kvartalet mellom Strandgaten og Tårnplass, som har namn etter tårnet på klosterkyrkja. Anlegget er i dag heilt vekke, men nokre få bygningssteinar frå Jonskyrkja er bevarte og no del av utstillinga ved Universitetsmuseet. Vi veit lite om anlegget, sjølv om nedre del av kyrkjetårnet ser ut til å ha stått like til bybrannen i 1916.¹³ Jonsklosteret må også ha vore godt synleg over Vågen frå Bryggen, om enn ikkje med ei like dominerande plassering som det Munkeliv hadde. Dagens Jonsvollsgaten ber som nemnt også namn etter Jonsklosteret, og Engen skal ha namn etter engene eller markene til klosteret. I skriftlege kjelder høyrer vi også om klosteret si brygge, som må ha lege ved Vågen like nedafor klosterbygningane.

På 1100-talet og i dei første tiåra av 1200-talet var det altså tre klosteranlegg i Bergen. Klostera var lagde utanfor den tette bybusetnaden, men likevel på ein måte som visuelt sett gjorde alle tre til ein integrert del av byen – og dermed også i medvitet til samtidas bergensarar. I tillegg hadde tre andre vestnorske kloster sine klare kontaktar mot Bergen (Figur 8). Vi har alt nemnt *benediktinarklosteret på Selja*, der dei t.d. fleire gonger opp gjennom hundreåra valde ein munk frå Munkeliv til abbed, før han etter nokre år vart henta attende som abbed på Nordnes (Figur 2). Om lag samtidig med grunnlegginga av Jonsklosteret vart også *augustinarklosteret på Halsnøy* i Sunnhordland oppretta, begge underordna biskopen i Bergen, noko Selja også ser ut til å ha vore. Det tredje anlegget var *cisterciensarklosteret på Lyse* i Os,

oppretta i 1146 frå England. Denne strengt kontemplative ordenen la alltid klostera sine i naturmessig isolerte område og ordenen kom aldri til Bergen. Det kan likevel vera at cisterciensarane alt etter kort tid har sett preg på steinarkitekturen i byen. Medan bevarte bygningsrestar av dei eldre benediktinarianlegga syner til klassiske bygningstrekk komme via dansk og tysk område, får ein i Bergen rundt 1160 engelskpåverka bygningsdetaljar som kan ha kome via Lysekloster, sjølv om dette er usikkert.¹⁴

1200-talet: Tiggarbrørne kjem

Tidleg på 1200-talet skjedde der så i Sør-Europa ei utvikling som raskt også fekk konsekvensar for det religiøse livet og klosterlivet i Noreg og i Bergen: Opprettinga av tiggarordenane fransiskanarane og dominikanarane.


Med tiggarordenane oppstod det eit endra ordensideal, mellom anna med utgangspunkt i byvekst i Europa og dermed i endra økonomiske og sosiale rammer for ordenane. Målsettinga for fransiskanarane og dominikanarane var ikkje å trekkja seg tilbake *frå* verda, men heller å leva *i* verda. Dermed var dei heller ikkje munkar, men vart kalla *fratres* – brør – og anlegga deira var strengt teke ikkje kloster, men vart kalla *domus* – (ordens)hus. Ordenshusa, på norsk vanlegvis omtala som kloster, skulle liggja i byar og vera ein «base» for arbeidet brørne dreiv ute der folk var. Der skulle dei forkynna eller driva omsorgsarbeid. Tiggarbrørne hadde heller ikkje krav om *stabilitas loci* men kunne

11 Lange 1856: 315ff, Tryti 1987: 190 og Ommundsen 2010.

12 Det sjette klosteret er i tilfelle Olavsklosteret i Stavanger, som kan ha vore for augustinarar. Dei to premonstratensarkloster i Tunsberg og Dragsmark er ikkje rekna med, sjølv om dei strengt teke var augustinarar (Figur 8).

13 Brosing 1959: 16-17.

14 Lidén og Magerøy 1990: 73ff.



■ Figur 11. Spor av grunnplanen til fransiskanarklosteret i Bergen ut frå bevarte bygningsrestar og oppmålingar på 1800-talet. Etter Ekroll 1993.

flyttast rundt mellom ulike kloster innan relativt store geografiske område som t.d. Norden, som for begge ordenane utgjorde ein eigen provins; *Dacia*. Tiggarordenane vart slik nyttige formidlingskanalar for nye impulsar mellom ulike delar av Europa. I motsetnad til abbedane /abbedissene som var valde på livstid i dei monastiske kloster, var alle leiarar hjå tiggarordenane valde på åremål og stod ansvarlege ovafor sine respektive kapitel, dvs. eit møte av dei som dei representerte. Organiseringa bygde slik på eit demokratisk prinsipp, ein grunntanke som vart nytta som føredøme ved utviklinga av det vesteuropeiske demokratiet. Kyrkjene til tiggarordenane var også «opnare» for folk enn tilfellet var i dei eldre, kontemplative ordenane. Fransiskanarane og dominikanarane hadde i utgangspunktet heller ikkje lov til å

ha fast eigedom sjølv om dette ikkje heilt vart overhalde, i alle fall ikkje for dominikanarane. I begge ordenane skulle brørne skaffa inntekter m.a. ved å *terminere*; vandra rundt i by og bygd og forkynna, høyre skriftemål og tigge, noko som gav grunnlag for omtalen som tiggarordenar.

Fransiskanarane (Olavsklosteret i Vågsbunnen)

Fransiskanarordenen vart grunnlagt i Italia tidleg på 1200-talet av Frans av Assisi (1182-1226), og er i dag kanskje den mest kjende av alle klosterordenar. Frans braut totalt med det etablerte samfunnet og valde å etterleva Kristus og evangeliet i fullstendig fattigdom. Fransiskanarane vende seg til alle samfunnsklassar, men grunnhaldninga om ikkje å gløyma dei fattige og sjuke gav det sosiale og pastorale arbeidet brei

plass, noko det også i dag har i ordenen. Sigrid Undset har karakterisert fransiskanarane som mellomaldrens «Frelsesarmé».

Fransiskanarane spreidde seg svært raskt. Til Noreg kan brørne ha kome alt få år etter at Frans døydde og seinast i tiåra etterpå. Olavsklosteret i Bergen vart oppretta i 1240-åra, med utgangspunkt i ei eldre Olavskyrkje som dei truleg fekk hjå kong Håkon Håkonsson. Klosteret var det største og viktigaste av dei seks fransiskanarkloster i Noreg, og vi må kunna rekna med at ordenshuset har romma ein del fleire brør enn dei 13 som det var krav om i eit sjølvstendig konvent. Fransiskanarane vart i Noreg gjerne kalla gråbrør eller berrfotbrør. I 1484 møttest fransiskanarar frå heile den nordiske provinsen Dacia til provinskapitelet i Bergen, noko som neppe har gått upåakta hen i byen.

Olavsklosteret låg ved noverande Bergen Domkirke, som er den gamle fransiskanarkyrkje (Figur 9). Etter ein brann i 1270 vart kyrkja utvida og dagens langstrakte kyrkje innvigd i 1301. Når kyrkja vart så stor og påkosta, kom dette av ei stor, testamentarisk gåve som brørne fekk i 1277 hjå kong Magnus Lagabøtar (1238-1280). Gåva hadde nok samband med at kongen valde seg gravplass i kyrkja, noko som ikkje var uvanleg for vesteuropeiske kongelege. Klosterbygningane strekte seg frå kyrkja og til dagens Bergen Katedralskole. Klosteret ser ut til å ha vore eit tradisjonelt, firefløya anlegg med bygningane litt skråstilte i høve til kyrkja (Figur 11). Berre nokre mindre murrestar¹⁵ er no synlege

(Figur 11) utanom kyrkja. Den ytre klosteravgrensinga mot sør gjekk etter alt å dømme langsetter Heggebakken rett sør for Bergen Katedralskole.¹⁶

Skal vi «sjå» fransiskanarkyrkje inne i dagens domkyrkje, må vi tenkja vekk det noverande sideskipet og dagens vestvegg mellom skip og tårnfot. Kyrkja har såleis hatt ei typisk «tiggarordenform» med eit langstrakt skip med god plass til kyrkjelyden. I dagens kor, dvs. høgkoret i fransiskanarkyrkje, kan vi framleis sjå sitjenisjer, piscina og repositorium til bruk i liturgien (Figur 10). Den delen av skipet som ligg nærast koret har vore skilt ut som brørne sitt kor, der dei samlast og las tidebøner, og kvelva over dette koret kan framleis sporast i nordre langmur i kyrkja. I eksteriøret på dagens kyrkje må vi tenkje det store, karakteristiske tårnet vekk. Taket på skipet har vore forlenga inn over den noverande tårnfoten slik at kyrkja har hatt ei langsmal, «låg» form. Skrudhuset (sakristiet) på nordsida av kyrkja er første gong omtala i 1309. Kyrkja har i si arkitektoniske utforming påverknad både frå Kontinentet og frå England.¹⁷

Generelt sett vart tiggarordenane sine anlegg lagde til utkanten av byane, gjerne like innanfor bymuren der slike fanst, og alltid i nærleiken av kommunikasjonsårer. Kloster skulde liggja der folk var – altså eit heilt anna prinsipp enn t.d. for benediktinarane. Ordenshuset til fransiskanarane i Bergen har såleis ei heilt tradisjonell plassering, i den

sørlegaste delen av bybusetnaden og ved vegen inn mot byen frå sør, noverande Kong Oscarsgate. Vågsbunnen gjekk også opphavleg lenger inn mot kyrkja, slik at det eit stykke nedafor denne låg brygger. Når fransiskanarane fekk etablere seg ved Olavskyrkje var dei såleis plasserte inn mot den pulserande byen, noko som neppe var tilfeldig valt.

Om lag 1400 byrja fransiskanarane i Europa å gå «krossvegar» som ei meditatív vandring i Kristus sine fotspor mot Golgata. Namnet Kalfaret, (*Calvaria* = hovudskalle = Golgata), sør for fransiskanarklosteret, har vore tolka som at det også har vore slik i Bergen. Andre kjente namn i området, som Seiersberget, Jerusalem og Emmaus, kan tyde på det same.

Dominikanarane (Olavsklosteret på Holmen)

Dominikanarordenen vart grunnlagt i Frankrike i 1216 av Dominikus av Guzman (ca. 1170-1221). Hovudoppgåva for brørne var å forkynna og dei skulde difor også studera. Av denne grunnen vart brørne i Noreg ofte kalla preikebrør, men dei vart i seinmellomalderen også kalla svartbrør etter den svarte kappa som dei bar ute.

Alt i 1221, fem år etter opprettinga av ordenen, sette den første dominikanaren foten på norsk jord, medan det første av dei fire norske ordenshusa vart oppretta rundt 1230. Klosteret i Bergen, ute på det noverande Bergenhus, vart oppretta før 1241, truleg med hjelp frå kong

Håkon Håkonsson. Dominikanarane måtte vera 12 brør for å danna eit sjølvstendig konvent. I Bergen må dei stort sett ha vore fleire, då der kunne vera to lektorar samtidig til å stå for undervisningsplikta som kloster hadde. Vi veit lite om det første anlegget, som ca. 1500 vart erstatta av ny kyrkje og nye klosterbygningar med store, kvelva rom, alt i stein. Dette anlegget brann alt i 1528, og klosteret vart deretter nedlagt og rive. Ingen sikre bygningsrestar er påviste, men anlegget må ha lege lengst nord på det noverande Bergenhus, i skråninga ned mot dagens Bontelabo. Sidan klosteret låg på det seinare festningsområdet, er der i dag heller ingen stadnamn som kan knytast til dominikanarane.

Plassering av ordenshuset var like typisk for dominikanarklosteret som for fransiskanarklosteret; altså i utkanten av bybusetnaden, men no i nord. Dessutan låg klosteret nær biskopen si brygge og altså kommunikasjonsmessig godt til. Anlegget har neppe vore særleg synleg frå byen, men det har lege markant i synsfeltet ved innseglinga mot byen frå nord.

Dominikanarane var ein utprega «intellektuell» orden, og alle dei fire norske anlegga låg i bispebyar og nær det kyrkjelege administrasjonssenteret i byane. I Bergen låg klosteret såleis like ved Kristkyrkja eller domkyrkja, bispegarden og kannikgarden, dvs. bustaden for prestane ved domkyrkja. Naboskapen til kannikane var langt frå problemfri. Kjent er historia om at kannikane i

15 Ved nordre inngangsdøra til Katedralskolen, frå parkeringsplassen mot Domkirken, kan ein sjå eit nordre, innvendig hjørna frå eit rom i austfløyen i klosteret.

16 Ved grøftegraving langsetter fortauet i Heggebakken vart det tidleg i 1970-åra påvist mange meter av ein mellomaldermur, truleg den ytre klostermuren. Takk til arkitekturhistorikaren Ole Egil Eide for denne opplysinga. Ved grøftegraving langsetter fortauet i Heggebakken vart det tidleg i 1970-åra påvist mange meter av ein mellomaldermur, truleg den ytre klostermuren. Takk til arkitekturhistorikaren Ole Egil Eide for denne opplysinga.

17 Lidén og Magerøy 1983.

1247 hadde lagt doa sine slik at lukt og kloakk kom ned til dominikanarane og sjenerte både brørne og folk som søkte kyrkja deira. Stridsspørsmålet varte ved i mest hundre år. Det avspeglar at kannikane, i åra etter at dominikanarane kom, neppe berre var glade for å få «konkurransen» i byen.

Innan midten av 1200-talet var altså alle dei fem klosteranlegga i Bergen oppretta. Då tiggardordenane kom, hadde benediktinarane allereie ei ca. 130 år lang historie i byen. Dei må då ha vore godt etablerte både

med bygningar og i sin funksjon, og det same gjeld augustinarane med sine om lag 80 år i byen. I dei komande hundreåra fekk bergensarane så erfara eit breiare klosterliv, med både kontemplative og meir utadvendte ordensfolk, som kvar på sine måtar prega byen og byfolket. Vi må kunne rekna med at til saman godt over 100 ordensfolk til ei kvar tid har levd i dei fem klosterane. I tillegg kjem alle *familiares* og andre som var knytte til anlegga. Byfolk relaterte til klosterane har såleis vore relativt mange og eit markert innslag

i eit samla folketal i Bergen på ca. 7000 rundt 1300. Fleire av klosterane – og særleg då Munkeliv – var sentrale institusjonar i byen og landet. Mellom anna kunne benediktinarabbeden vera kongeleg rådgjevar og ambassadør, og at også fransiskanarar og dominikanarar var gode å ha som kongelege sendemenn, er forståeleg ut frå den internasjonale organiseringa ordenane hadde. Inntektene frå jordgodset til dei eldste klosterane har også ført verdier til Bergen, og det same har klosterane både på Selja, Lyse og Halsnøy gjort gjennom eigne handelsgardar i byen. Slik sett har klosterane både i Bergen og på Vestlandet vore med på å fremja og vidareutvikla høgmedievalderbyen.

1400-talet: Nokre reiser og andre kjem

På 1400-talet skjedde det igjen store endringar i klosterlivet i Bergen. Alt i byrjinga av hundreåret starta ein prosess som førte til fjerning av benediktinarane etter gode 300 år i Munkeliv. Ut på 1400-talet ser så både Jonsklosteret og Nonneseter ut til å ha stått nærast tomme. Augustinarklosteret vart nedlagt ca. 1450, altså etter ca. 300 år. Jonskyrkja fungerte etter alt å døma vidare som vanleg soknekyrkje, og ho tok i alle fall imot testamentariske gaver frå tyske bergensfararar så seint som i 1517. Til sist vart Nonneseter ca. 1460 lagt inn under Munkeliv kloster. Nonnene reiste til andre benediktinarkloster. Men klosterbygningane vart likevel neppe heilt forlatne, og gudstenestene i kyrkja heldt fram.¹⁸ Det er mest tenkjeleg at det var prestane ved Munkeliv

som stod for gudstenestene. Venteleg budde dei då også i Nonneseter, kanskje i vekselvise periodar.

Innan siste del av 1400-talet var altså begge dei to eldste klosterordenane i Bergen vekke frå byen, medan nye ordenar etter kvart etablerte seg i begge dei gamle benediktinaranlegga. På slutten av 1400-talet ser der ut til berre å ha vore tre aktive ordenssamfunn i Bergen, medan der i ein 20-års periode tidleg på 1500-talet var fire ordenssamfunn. I tillegg til fransiskanarane og dominikanarane var dette:

Birgittinarordenen (Munkeliv)

Etter ein langvarig og tvilsam prosess, og til protestar frå nokre av dei gamle benediktinarane, vart Munkeliv kloster, truleg i 1426, overført til birgittinarordenen.¹⁹ Den svenske adelskvinna Birgitta Birgersdotter (1303-1373) hadde 55 år tidlegare fått oppretta den einaste klosterordenen som i mellomalderen hadde eit nordisk utgangspunkt, med moderhus i Vadstena. Noko av det særmerkte ved birgittinarane er at anlegga deira skulle vera kontemplative dobbelkloster, der både kvinnelege og mannlege ordensmedlemer levde i ei eining men likevel totalt skilde frå einannan og med ei abbedisse som den øvste leiaren. Birgitta sette difor klare krav til utforminga av klosteranlegga og då ikkje minst til kyrkja. Ei slik tilpassing må ha gjeve store utfordringar og vore uråd å gjennomføra fullt ut i det gamle benediktinarklosteret på Munkeliv. Dei første åra for birgittinarane må uansett ha vore prega av store ombyggingsarbeid, der



■ Figur 13. Det bevarte korkapellet frå Nonneseter kloster, der både benediktinarar, birgittinarar og antonittar har vandra. I samband med bygginga av Bybanen var det i 2006 arkeologiske utgravingar framfor kapellet. Fleire graver frå klostertida måtte fjernast. Det arkeologiske arbeidet vart avslutta med ei katolsk requiem-messe, for dei døde som måtte flyttast og for alle som hadde levd i tilknytning til Nonneseter kloster. Dagens nonner i Bergen, Dagens nonner i Bergen, Mor Theresa-søstrene (i grått) og St. Franciskus Xaverius-søstrene, var også representerte. Messa vart feira av augustinaren Dom Lukas Lorf-Wollesen som er prest i Bergen. Foto: A.T. Hommedal.

også den arkeologisk påviste nordre klostergangen i benediktinaranlegget ser ut til å vera trekt inn i kyrkja som eit søre sideskip (Figur 4). Hå birgittinarane skulle elles brørne sine klosterbygningar liggja sør for kyrkja, og det er dermed tenkjeleg at dei kunne nytta benediktinarane sitt gamle anlegg. Søstrene sine bygningar skulle derimot liggja nord for kyrkja, der det neppe låg bygningar i benediktinaranlegget. Heile søstrene sin fløy må dermed tenkjast nyoppført på 1400-talet.²⁰ Eit fullt utbygd birgittinaranlegg skulle romma 85 personar, 60 kvinner og 25 menn, som altså skulle leve fullstendig skilde frå einannan. Mellom mennene var der 13 prestevigde

brør som symboliserer Kristus og apostlane. I tillegg kom fire diakonar og åtte lekbrør. Som overhovudet for klosteret symboliserte abbedissa Maria, ho som etter Kristi himmelfart skal ha leia apostlane. Vi må rekna med at birgittinar-kommuniteten i Bergen romma 85 personar i store deler av den 105 år lange tida kommuniteten eksisterte.

I 1455 vart Munkeliv angripe og brent, og birgittinarane flytta i ca. 20 år til Hovedøya i Oslo, medan cisterciensarmunkane derifrå bygde opp att Munkeliv. Det ser ut til at det er i samband med dette arbeidet at Munkeliv får overført Nonneseter med dei ekstra inntektene som jordgodset til dette klosteret gav. Frå



■ Figur 12. Mannshovud i tre frå Urnes stavkyrkje i Sogn, ca. 1200. Ut frå tonsuren eller «kronrakinga» har mannen vore prest eller munklordensbror. Foto: Universitetsmuseet i Bergen.

¹⁸ Ommundsen 2010.

¹⁹ Gunnes 1990.

²⁰ Nyberg 1985:93ff, Hommedal 1999: 169, 173f.

slutten av benediktinartida, parallelt med at busetnaden ekspanderte ut over Nordnes og dermed også på klosteret sin grunn, fekk Munkeliv større interesse for eigedommar i byen, både utbygsling av hustomter og for kjøp av bygardar i andre delar av byen. I 1463 hadde klosteret leigeinntekter av 34 ulike eigedommar i byen.²¹

Antonittane (Nonneseter)

Den siste klosterordenen som kom til Bergen i mellomalderen var antonittane, som var ein tiggarorden sjølv om brørne var organiserte som kannikar som fylgde augustinarregelen og hadde lov til å ha eigendom. Antonittane bar namn etter einebuaren Antonius den Store (ca. 251-356) som er dei sjuke og husdyra sin vernehelgen. Rundt 1100 oppstod ein tradisjon om at Antonius sine beinrelikviar kunne lækja helveteseld. Antonittane vart på 1200-talet organisert som ein hospitalorden som særleg pleia sjuke med slik «antoniuseld» og med hud- og kjønssjukdommar. Til Noreg og Bergen kom antonittane først mot slutten av mellomalderen. I 1507 overtok dei Nonneseter kloster frå birgittinarane på Munkeliv (Figur 13), ikkje heilt utan konflikhtar.²² Vi veit lite om antonittane i den korte perioden på 20 år som dei heldt til i Bergen, men vi må ta for gjeve at dei dreiv sjukepleie. Kor mange dei var er heller ikkje sikkert. Vi må likeins rekna med at dei har gjort mindre utbetnings- og tilpassingsarbeid i det gamle klosteranlegget. Det kan også ha vore antonittar på Hamar,

men dette er usikkert (Figur 8).

I dei første hundre åra med klosterliv i Noreg og i Bergen har vi relativt lite skriftleg kjeldemateriale frå dei fleste klostera. Men kjeldene blir fleire utover i mellomalderen og ikkje minst når det gjeld Munkeliv. I alle klostera får vi innblikk i livet både innanfor og utanfor klostermurane. For ein del er det uverdige hendingar for eit klostersamfunn som blir formidla, t.d. konflikhtar i klosteret eller med omverda, kontaktar med prostituerte og til og med drap. Men vi må då hugse på at det gjerne var det konfliktfylte som blei ført i pennen – det unormale. Det daglegdagse, den munken, nonna, kanniken eller tiggarbroren som stort sett prøvde å etterleva klosterregelen, han eller henne var det ikkje så mykje å skrive om. Og vi må rekna med at dei fleste freista leve klosterliva sine i samsvar med klosterløfta dei ein gong gav. Vi kan berre tenkja oss den rolla klostera må ha spela ved krisesituasjonar for enkeltmenneske eller for heile samfunnet, som ved Den store mannedauden i 1349-50.

«Munkeordener maae ikke taales»²³

Dei bergensarane som tidleg på 1500-talet såg opprettinga av antonittarklosteret som ein ny giv for den då mange hundre år lange klostertradisjonen i Bergen, må ha vorte svært skuffa. Kong Frederik I konfiskerte i 1528 Nonneseter og gav anlegget med jordegods til adelsmannen Vincent Lunge, som bygde klosteranlegget om til pri-

vatresidensen Lungegården. Same året brann dominikanarklosteret på Holmen. Det vart nedlagt og etter kort tid rive. Tre år deretter, i 1531, var turen komen til Munkeliv. Klosteret vart nedlagt mot birgittinarane sin vilje, og anlegget teke i bruk som ny domkyrkje med alle funksjonane knytte til denne. Men alt etter fem år, i sjølve reformasjonsåret 1536, brann dei gamle klosterbygningane og vart snart etter rivne. Om lag på same tid var turen komen til det siste av klosteranlegga. Fransiskanarane i Vågsbunnen måtte vike grunnen. Olavsklosteret vart til neste nye domkyrkje med bispegard. I løpet av ein kort åtteårs-periode like før reformasjonen forsvann såleis ikkje mindre enn fire klostersamfunn i Bergen. Bygningane vart gradvis bygde om og etter kvart rivne, til vi i dag, nærare 500 år seinare, berre har den ombygde fransiskanarkyrkja og delar av Nonneseterkyrkja igjen. Ordensbrørne som hadde levd i klostera vart for ein del lutherske prestar rundt om. Birgittinar-nonnene reiste dels til slektningar, dels til moderklosteret i Vadstena og vart dels buande i bispegarden i Bergen utover på 1500-talet. Biskopen hadde måtta ta på seg ansvaret for søstrene ut deira livstid då han overtok Munkeliv-anlegget.

Ein fransiskanar og ein dominikanar ville opp gjennom hundreåra vera relativt daglegdags å sjå i gatene i Bergen, mot slutten av mellomalderen også ein antonitt. Ein augustinar ville ein også kunna treffa på, og i nokre relativt sjeldne tilfelle

ein benediktinar. Det ville derimot vera eit særsyn om ein møtte ei benediktinarinne eller ei birgittinarinne i byen. Ut frå ordensdrakta ville byfolket uansett lett kunna slå fast kvar den dei møtte høyrde heime.

Etter ein første klosterperiode der dei kontemplative benediktinarane og presteordenen augustinarane var einerådande i Bergen, fekk ein altså med tiggarordenane frå midten av 1200-talet av eit heilt anna preg på klosterlivet i byen. Igjen skjedde store endringar på 1400-talet, då dei eldste ordenane forsvann og den kontemplative birgittaordenen kom til. Etter ein kort periode med antonittar tidleg på 1500-talet vart det så slutt på klosterlivet i mellomalderbyen Bergen.

Litteratur

Braunfels, Wolfgang, 1980: *Monasteries of Western Europe. The Architecture of the Orders*, Thames and Hudson. London.

Broising, Gustav, 1959: *Bergen vår by*. Bergen: J.W.Eides Forlag.

Eide, Ole Egil, (2011): «Om bergartsbruk og kirkedateringer i Bergen på 1100-tallet». Upublisert manus.

Eidsvig, Bernt I., 1993: «Den katolske kirke vender tilbake». I: John W. Gran et al. (red) *Den katolske kirke i Norge*. Oslo: Aschehoug.

Ekroll, Øystein, 1993: «Norske fransiskanarkonvent». I: Jan E.G. Eriksson og Kari Schei (red.) *Seminarret «Kloster og by»*. *Tverrfaglige seminarer i Tønsberg* 1. Tønsberg: Tønsberg Bibliotek og Riksantikvarens utgravningskontor for Tønsberg.

Greene, J. Patrick, 1992: *Medieval Monasteries*. London and New York: Leicester University Press.

Gunnes, Erik, 1986: *Klosterliv i*

Vesten. Thorleif Dahls Kulturbibliotek. Oslo: Aschehoug.

Gunnes, Erik, 1987: «Fra Benedikt til Birgitta» og «Klosterlivet i Norge». I: *Årbok for Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring* 1987. Oslo.

Gunnes, Erik, 1990: «The Foundation of the Brigittine Monastery of Munkeliv, and its Struggle for Existence». I: *Collegium Medievale* 1990/2. Oslo.

Gunnes, Erik, 1996: «Ordener og klostre i norsk samfunnsliv». I: *Collegium Medievale* 1995/2. Oslo.

Helle, Knut, 1982: «Kongesete og kjøpstad. Fra opphavet til 1536». *Bergen bys historie* I. Bergen-Oslo-Tromsø: Universitetsforlaget.

Nenseter, Olav, 2003: «Augustinerordenen. Å lære andre gjennom ord og eksempel». Religiøse ordener i middelalderens Norge I. Oslo: Middelalderforum.

Hommedal, Alf Tore, 1993: «Olavsklostret i Oslo og dei andre norske dominikanaranlegga i mellomalderen» I: Jan E.G. Eriksson og Kari Schei (red.) *Seminarret «Kloster og by»*. *Tverrfaglige seminarer i Tønsberg* 1. Tønsberg: Tønsberg Bibliotek og Riksantikvarens utgravningskontor for Tønsberg.

Hommedal, Alf Tore, 1999: «Kva fortel bygningsrestane av dei norske klostera om kontinental norm og norsk praksis innan ordensliva?» I: E. Mundal, og I. Øye (red.) *Norm og praksis i middelaldersamfunnet. Kulturtekster* 14. Bergen: SEK Senter for Europeiske Kulturstudier. Universitetet i Bergen.

Lange, Chr.C.A.,1856: *De norske Klostres Historie i Middelalderen*. Christiania.

Lidén, Hans-Emil og Ellen Marie Magerøy, 1980: *Norges kirker*.

Bergen I. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

Lidén, Hans-Emil og Ellen Marie Magerøy, 1983: *Norges kirker. Bergen II*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

Lidén, Hans-Emil og Ellen Marie Magerøy, 1990: *Norges kirker. Bergen III*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

Lunde, Øivind,1987: «Klosteranleggene». I: *Årbok for Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring* 1987. Oslo.

Nyberg, Tore, 1985: «Birgittinerordenen». I: *Det europæiske klostervæsen. Acta Jutlandica* LIX Teologisk serie 13. Århus.

Ommundsen, Åslaug, 2010: «Nonneseter i Bergen – eit benediktinarkloster», (Norsk) *Historisk Tidsskrift* 89, nr. 4 2010.

Schumacher, Jan, 2009: «Benedikts regel – en innledning». St. Benedikt. Regel Vita. Efram Forlag

Sturlasson, Snorre, 1964: *Kongesoger*. Stavanger: Gyldendal norsk forlag

Tryti, Anna Elisa, 1987: «Kvinnenestilling i klostervesenet». I: *Årbok for Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring* 1987. Oslo.

Ullern, Inger-Johanne, 1997: Tiggerordnene i de norske middelalderbyene. Hovedfagsoppgave i historie våren 1997. Universitetet i Oslo. Utrykt. Oslo.

²¹ Helle 1982: 866f.

²² Ommundsen 2010.

²³ Del av § 2 i Grunnlova av 1814, oppheva i 1897 (Eidsvig 1993: 153).